

LÆRINGSPLAKATEN FOR MONTESSORISKULEN

Ein montessorigrunnskule pliktar å:

1. Organisere undervisninga ut frå dei grunnleggjande prinsippa i kosmisk utdanning: eit organisk, ikkje-lineært pensum, der ein presenterer heilskapen først, deretter detaljar, for så å gå tilbake til heilskapen.
2. Førebu eit fysisk miljø som er tilpassa grunnleggjande behov for barn frå 6 – 12 år.
3. Tiby materiell som kan konkretisere abstraksjonar og hjelpe elevane til å arbeide seg gjennom resonneringsprosessen frå det spesifikke til det generelle.
4. Skape eit dynamisk elevmiljø basert på aldersblanding og naturlege læringssituasjonar, der elevar lærer av kvarandre.
5. Skape ein struktur i undervisninga basert på lange arbeidsøktar og små gruppepresentasjonar av fagmateriell.
6. Oppmuntre elevane til beundring, takksemnd og respekt for heile skaparverket.
7. Bidra til ei sunn utvikling av viljen, gjennom ein dynamisk balanse mellom fridom og ansvar, og fremje gode arbeidsvanar hjå alle elevane.
8. Leggje til rette for gode sosiale relasjonar i gruppa gjennom etiske diskusjonar og aktivt bruke- og øve på harmoni og høfleg framferd.
9. Skape eit læringsmiljø der det er naturleg at barna brukar lokalmiljøet til å utforske natur og samfunn, i tillegg til arbeidet på skulen.
10. Skape eit læringsmiljø for dei eldre elevane, for utvikling og auka sjølvinnsikt gjennom aktiv eksperimentering, sjølvstende og integritet.
11. Skape eit miljø der læraren er ein tydeleg leiar og voksen, som kan vegleie medlemmene i gruppa i prosessen mot intellektuelt sjølvstende.
12. Sikre at miljøet på skulen fremjer trivsel og læring gjennom respekt for individet, miljøet og fellesskapet.
13. Leggje til rette for samarbeid med heimen, ved å tydeleggjere medansvaret dei føresette har i skulen.
14. Setje fred på jorda sentralt i heile læreprosessen, og hjelpe elevane til å sjå seg sjølv som aktive fredsskaparar.
15. Stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen i montessoripedagogikk i personalet.
16. Sjå verdiane med Barnas hus, og arbeide aktivt med å utvikle eit montessoritilbod til barn under 6 år.

”Hjelp meg til å hjelpe meg sjølv.”

Maria Montessori